

Til Meland Formannskap

Uttale vedkommande rapport om skulestruktur

Foreldre arbeidsutvalet (FAU) og Samarbeidsutvalet (SU) ved Grasdal skule har gått gjennom rapporten om skulestruktur. Vi ser positivt på at det vert sett fokus på korleis kommunen ynskjer å utforma skulestrukturen i åra som kjem. Men er kritisk til at ingen av ráða i skulen har vorte informert om at dette arbeidet er sett i gong og at ein ikkje er teke med i prosessen. Vi meiner at ei slik viktig sak må tuftast på eit breiare grunnlag enn det no har vore. Det er etter vårt syn beklageleg at denne rapporten vert knytt til budsjettprosessen der ein har kort frist for å fatte vedtak. FAU og SU er bekymra for at avgjerd i ei slik viktig sak ikkje tek inn over seg andre argument enn dei reint økonomiske.

Vi har forstått at det er politisk ynskje om å ha ei ny skulestrukturutgreiing som ser lengre fram enn den noverande rapporten gjer. Ein ber Formannskapet om å syte for at denne utgreiinga tek med seg alle sider av kva ein ynskjer for Melandskulen i framtida og at både politikarar, fagfolk, foreldre og elevar vert teke med i prosessen.

FAU og SU ved Grasdal skule er glad for at gruppa tilrår utbygging av Grasdal skule og at politikarane ynskjer å satse på Grasdal skule også i åra som kjem. Vi meiner at Grasdal krins i åra som kjem framleis vil ha ei stor utbygging og vil få aukande elevtal. FAU og SU meiner at Meland kommune må legge til rette for at Grasdal skule vert ein 1-7 skule også i framtida. Det er då viktig at ein tar omsyn til dette i planlegginga av utbygginga og at det vert sikra areal i den kommande kommuneplanen.

Helsing

FAU- Grasdal skule/v Leiar Bjørn Gripsgård Knudsen

SU- Grasdal skule/v Leiar Merete Lillefosse